

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Rapport etter tilsyn Equinor FLX - Ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrom - Aktivitet 001000264	Aktivitetsnummer 001000264
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortruleg
<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg	
Involverte	
Hovudgruppe T-1	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Equinor FLX si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystem i kontrollromma på plattformene på Statfjordfeltet i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

4 Resultat

4.1 Generelt

Alle tre plattformene på Statfjordfeltet har låge alarmrater og få ståande alarmer. Det er ein del skjulte alarmer som dels skuldast utstyr som er parkert eller ute av drift og dels alarmer som vert skjult av operative grunnar i løpet av skifta.

Selskapet hadde mangelfulle vurderingar av perseptuelle og kognitive begrensingar inkludert den totale arbeidsbelastninga for kontrollromsoperatørane.

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

5.1.1 Mangelfull analyse av arbeidsmiljøet i kontrollrommet

Avvik

Selskapet hadde ikkje gjennomført nødvendige analyser som sikrar forsvarleg arbeidsmiljø og gir støtte ved val av tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysningar.

Grunngjeving

Selskapet kunne ikkje dokumentere å ha gjort analyser som sikrar vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensninger for arbeidet i kontrollromma på Statfjord A/B/C.

Selskapet nyttar / skal nytte WEHRA og / eller HWERO. WEHRA og HWERO for innretningsnivå er ei grovkartlegging og erstatter ikkje faglige detaljert kartlegginger og risikovurderingar av arbeidsmiljøet.

Krav

Styringsforskrifta § 18 om analyse av arbeidsmiljøet

6 Andre kommentarar**Styrande dokumentasjon**

I dokumentasjonen vi har fått blir det dels referert til ST701 (IEC 62682) og dels til TR1494. På direkte spørsmål blir det stadfesta at det er ST701 som gjeldande krav medan TR1494 vert nytta som retningsline. I den 6-månalege rutina for analyse av alarmer i SKR står det likevel at det er TR1494 som definerer krav til alarmsystemet. Det er heller ikkje samsvar mellom vedlikehandsprogrammet som blir utført 6-månadleg medan arbeidsprosessen OM101.08.06 seier at dette skal minst gjerast kvar 2 månader. Det blir i svaret vi har fått sagt at arbeidsprosessen OM101.08.06 også gjeld for Statfjord A/B/C.

7 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet,

8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Alarmfilosofi – TR1494.pdf
- IEC62682.pdf
- GL0313 302.pdf
- OM101.08.06 Analyse av alarmer I sentralt kontrollrom.pdf
- Vedlikeholdskonsept – FV Mal.pdf
- ST793 – Addendum to Norsok S-001, Teknisk Sikkerhet.pdf
- ST793 – App B – Sikkerhetsstrategi SFA – Versjon 1.01.pdf
- ST793 – App B – Sikkerhetsstrategi SFB – Versjon 1.01.pdf
- ST793 – App B – Sikkerhetsstrategi SFC – Versjon 1.01.pdf
- SUP (standard utviklingsplan) Statfjord A – Områdekompert.pdf
- SUP (standard utviklingsplan) Statfjord C – Områdekompert.pdf
- Utførte FV alarmanalyse Statfjord.pdf
- Måleresultater for perioden januar 2020 til April 2021 for SFA.pdf
- Måleresultater for perioden januar 2020 til April 2021 for SFB.pdf
- Måleresultater for perioden januar 2020 til April 2021 for SFC.pdf
- SFB Områdekompertanse BP-ZZ-Z-DU-002 – Kontrollrom – Prosessteknikere Statfjord B.pdf
- Svarbrev - Oppfølgings spørsmål Ptil FLX Alarmhåndteringsspørsmål - final.pdf

- Svarbrev og etterspurt dokumentasjon ifm tilsyn med Equinor FLX sitt alarmhåndteringssystemer i kontrollrom.pdf